



Jostein Legland frå Uskedalen og Erling Warberg frå Sunde (biletet) eig båten Vestervik og deltek med den i det eventyrlege sildefiske som finn stad på Vestlandet for tida. Men dei er med i litt mindre målestokk enn båtane frå Halsnøy.

Warberg opplyser til Kvinnheringen at dei kom seint i gang og har vore ute berre ei veke.

No ligg dei utanfor Bremanger og den første tida har stort sett gått med til å henta sild frå båtar som har fiske for mykje. Dei blir ute nokre veker til dei har fylt kvoten sin. Dei har i tillegg ein annan båt som dei har ein liten kvote for. Vestervik har eit mannskap på fire.

Svein Malvik Sjø frå Halsnøy er 56 år men har aldri opplevd eit slikt sildefiske. Det er no slik som bestefaren hans fortalde om. Fem båtar frå Kvinnherad deltek i fisket. Silda førekjem i ekstreme mengder og er også av historisk god kvalitet.

Berre i januar vart det fiska 316.000 tonn og slike mengder er ikkje registrert sidan silda kom att på 1980-talet. Fiskarane er nøgde med fangsten, men ikkje med prisen som er 2,25 pr. kilo.

(Foto. Ola Matti Mathisen)